Frivillige tiltak i landbruket - Haugalandet

Årsmelding 2022

Anders Eidhammer

Tysvær kommune

Bakgrunn

Prosjektet «Frivillige tiltak i landbruket- Haugalandet» starta september 2019. Dette er eit fellesprosjekt mellom kommunane Bokn, Haugesund, Karmøy, Tysvær og Vindafjord, Rogaland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Rogaland og Haugaland Vassområde.

Arbeidet er forankra i vassforskrifta som kom i 2007. Første prosjektperiode var over 31.12.2021, men prosjektet vart vedtatt vidareført i 2022.

Prosjektet sitt hovudmål er å jobbe for god økologisk tilstand i alle vassdrag, hindre forureining frå landbruket til vatn og å hindre og gjenopprette uønska inngrep i vassdrag. Dette arbeidet skjer gjennom relasjonsbygging, kunnskapsformidling og praktisk arbeid.

Prosjektet arbeider opp mot forvaltninga og bønder/grunneigarar. Arbeidet skal vere forankra i lovverket, og er knytta sterkt opp mot landbruk- og miljøavdelingane i kommunane for å kunne legitimere arbeidet og inneha integritet.

Organisering

Den 1. februar 2022 overtok Tysvær kommune som vertskommune for prosjektstillinga. Ny kontorstad er på Tysvær rådhus i Aksdal. Anders Eidhammer er ny prosjektleiar og vart ansatt frå 01.02.2022 i 60% stilling fram til 22.08.2022 og deretter 100% fram til 31.12.22. Styringsgruppa består framleis av representantar frå dei organisasjonane som har gått inn med økonomisk stønad, samt representantar frå næringsorganisasjonar (Rogaland Bondelag og Rogaland Bonde- og småbrukarlag) og Norsk landbruksrådgjeving Rogaland.

Adelheid Eikje, landbruksrådgjevar Tysvær kommune, har overteke som ny prosjektleiar. Leiv Kåre Solheim, landbruksrådgjevar i Karmøy kommune, har overteke som nestleiar.

Tysvær kommune har arbeidsgivaransvar i 2022 og kontorstaden ligg strategisk til i midten av deltakarkommunane.


Prosjekteigarar
- Statsforvaltaren i Rogaland
- Rogaland Fylkeskommune,
-Haugaland vassområde
- Bokn kommune
- Haugesund kommune
- Karmøy kommune
- Vindafjord kommune
Arbeidsgjevaransvar - Tysvær kommune
Prosjektstyringsruppe
Leiar - Adelheid Eikje - Fagansvarleg landbruk, Tysvær kommune
Nestleiar - Leiv Kåre Solberg - Landbruksrådgjevar, Karmøy kommune
Ole Johan Vierdal - Leiar vassområdeutvalget Haugalandet
Signe Theilmann Jenssen - Landbruksrådgjevar Vindafjord kommune
Britt Johnsen Pedersen - Avdelingsleiar Landbruk Karmøy kommune
Sven-Kato Ege - Vassområdekoordinator Haugaland vassområde
Monica Dahlmo - Seniorrådgjevar Statsforvaltaren i Rogaland
Anneli Vatshaug Jensen - Prosjektleiar Miljø Fylkeskommunen i Rogaland
Jakob Eskeland - Rogaland Bondelag
Stig Arild Helgesen - Norsk bonde- og småbrukarlag
Bjørg Karin Dysjaland - Nors landbruksrådgivning Rogaland
Lene Røkke Mathisen - Miljørådgjevar Haugesund kommune
Prosjektleiar - Anders Eidhammer (100% stilling)

Økonomi

Ved oppstart av stillinga 01.02.2022 hadde Tysvær kommune fått overført 622 091,- kr frå Vindafjord kommune som høyrde til prosjektet. Årsakene til at det var middel igjen etter avslutta planlagd prosjektperiode var at førre prosjektleiar gjekk i redusert stilling og at prosjektet blei starta opp noko seinare enn planlagd i 2019. Sidan ny prosjektleiar også gjekk i 60% stilling i første halvdel av 2022, samt at prosjektet hadde uteståande middel frå Rogaland Fylkeskommune, var det derfor lønsmiddel til å dekke heile 2022 og deler av 2023.

Ifølge lønnsbudsjett er det 176560,- kr igjen på Tysvær kommune sin prosjektkonto pr. 31.12.2022. Hausten 2022 blei det sendt ut henstilling til bidragsytarane i prosjektet om vidare pengebidrag for å halde prosjektet i gong siste halvdel av 2023 og heile 2024. Det er behov for om lag 700 000,- kr for å halde prosjektet i gong i 100% stilling i eitt år.

Rekneskap 2022			
Egenkapital for prosjektet pr.01.02.2022	622 091		
Lønnsutgifter inkl arbeidsgivaravgift og pensjon		404646	
Drift, reising, velferd, klede		10884	
Fellesutgifter løn og pensjon		30001	
	622 091	445531	
Resultat pr.31.12.2022			**176 560**

Aktivitetar 2022

Førre prosjektleiar hadde i prosjektperioden 2019-2022 starta opp på mange ulike arbeidsoppgåver. Ein del av desse var ferdigstilte, medan nokre ikkje var avslutta. Det var naturleg for ny prosjektleiar å setje seg inn i og forsøke å vidareføre desse prosjekta som ikkje var avslutta, men også å setje seg inn i avslutta prosjekt og dra erfaringar av desse.

Ein god del av våren 2022 blei brukt av prosjektleiaren til å setje seg inn i fagområda landbruk og vassmiljø i tillegg til prosjektet sine planlagde arbeidsoppgåver. Det krev ein del tid på å skape relasjonar og nettverk i eit slikt prosjekt som Frivillige tiltak i landbruket og det blei brukt ressursar på telefonsamtalar, besøk og synfaringar.

Tydeleg gjødselpåverka kanal i Vindafjord. Overflødig fosfor skaper unaturleg plantevekst i bekken, og skaper uleveleg tilstand for fisk. I tillegg gror bekken igjen, og vil lage dårlege vannføringsegenskaper.

Gjødselfri randsone til bekk i Skjold med Skjoldafjorden i bakgrunnen

Miljøvenleg gjødselspreiing og utslepp

På Haugalandet står landbruket for hovudparten av forureining til ferskvatn. Landbruket har dei siste tiåra gjort store framskritt når det kjem til forureining av vatn, spesielt etter at det blei fokus på handtering av silosaft og fosfor-bruk.

Framleis er det behov for opplysning og bevisstgjering blant grunneigarar, drivarar og entreprenørar i landbruket om kva påverknad landbruket kan ha på vassmiljøet.

Regional vassforvaltningsplan for Rogaland vassregion har som mål at alle vassdrag skal ha «God» miljøtilstand i 2027. Det trengst derfor framleis solid innsats frå landbruket for å nå denne målsetjinga.

Våren blei brukt av prosjektleiar til å skaffe seg eit overblikk og erfaring i korleis situasjonen er når det kjem til miljøvenleg gjødselspreiing og handtering av gjødsel på Haugalandet.

Miljøavtalane rundt Skjoldafjorden

Det blei utført mange gardsbesøk både i Vindafjord og Tysvær for å kartleggje korleis det går med miljøavtalane rundt Skjoldafjorden. Skjoldafjorden er ein terskelfjord med mange innløpsbekker og stort nedslagsfelt, men lite fjordutløp. I løpet av fleire år har det hopa seg opp avfallstoffer frå både avløp, industri og landbruk i fjorden. Det har vore fokus på å forbetre miljøet og forhindre ytterlegare forureining i fjorden sidan 1980-talet. Miljøavtalane sin hensikt er å setje fokus på rett handtering av gjødsel, slik at ikkje overflødig næringsstoff havnar i fjorden og skapar dårleg miljø. Miljøavtalane har vore gjeldande frå 2020 og held fram til og med 2025.

Grindafjorden, innerst i Skjoldafjorden. Biletet er teke frå eit dyrkingsprosjekt der Frivillige tiltak i landbruket har vore involvert.

Det er omtrentleg 10 deltakarar på miljøavtale i Vindafjord og 10 i Tysvær kommune. Miljøavtalen gir tilskot frå Regionalt miljøprogram, der bonden må dokumentere gjødslinga si og halde seg til nokre fastlagde vilkår for å få tilskot.

Det blei og prøvd å hausta erfaringar frå deltakarane på korleis miljøavtalane fungerer for kvar enkelt bonde. Det har blitt oppretta to nye miljøavtalar rundt Skjoldafjorden i 2022, ein i Tysvær og ein i Vindafjord.

Prosjektleiar har delteke på Bondelagsmøte i både Skjold og Tysvær for å informere om at miljøavtalane framleis er gjeldande og at det mogleg for fleire bønder å bli med.

Likt som førre prosjektleiar erfarte er det mange som handterer gjødsel tett opptil vilkåra for å få tilskot gjennom Miljøavtale, men har likevel ikkje tatt steget med å inngå avtale. Det er mange ulike årsaker til dette. Ein av årsakane er at dei ikkje har hatt kapasitet og overskot til å setje seg inn i miljøavtalane, og gjerne har gløymt det ut. Der dette er årsaken har prosjektet moglegheit til å påverke for å få fleire bønder med på miljøavtale rundt Skjoldafjorden. Målet til prosjektet er å få fleire av desse med fram mot avslutning av avtalane i 2025.

Kantvegetasjon

Kantvegetasjon langs bekker og elver er ein svært viktig miljøfaktor for vassdraga. Fisk, botndyr, insekt, fugl og anna treng kantvegetasjon for å trivast optimalt. I tillegg sørger kantvegetasjon for å ta opp overflødig næringsstoff frå landbruket der dyrka mark og beite grenser opp mot vassdrag.

Landbruket har ein betydeleg påverknad på kantvegetasjon langs vassdrag. Kantvegetasjon kan oppfattast som ein ulempe for effektivt jordbruk, og kan bli sett på som ein nyttig ressurs i form av uttak av ved. Prosjektet arbeider for å opplyse om betydninga av kantvegetasjon langs vassdrag, og ulovlegheita i å ta ut kantvegetasjon anna enn skjøtsel som ikkje har økologisk påverknad.

Frivillige tiltak i landbruket informerer om moglegheita for å plante ny kantvegetasjon, og er i tett samarbeid med Haugaland

Nyplanta tre langs Skjoldastraumsbekken i Tysvær kommune. Trærne blei satt ut av grunneigar og elevar frå Tveit VGS. Plantinga er i samanheng med restaurering av bekkeløpet.

Vassområde og Sjøaure-prosjektet Haugalandet. Oppgåva her er å samarbeide med initiativtakar til planting, samarbeid med grunneigar og organisering av plantinga reint praktisk i form av bestilling, logistikk og utføring.

I 2022 vart det planlagt 4 utplantingar av kantvegetasjon langs vassdrag i henholdsvis Vindafjord, Tysvær, Karmøy og Haugesund kommune. Plantinga var i regi av Sjøaure-prosjektet på Haugalandet, og fekk økonomisk støtte frå kommunane gjennom mellom anna SMIL-ordninga. Alle vassdraga hadde tilknytning til jordbruksområde i drift, og det blei utført informasjonsarbeid rundt miljøvenleg gjødselspreiing i samanheng med plantinga. Skuleklassar på Tveit og Skeisvang VGS blei involvert i arbeidet med utplanting. I forkant av utplantinga fekk dei undervisning av prosjektleiar om Frivillige tiltak i landbruket, kantvegetasjon, landbruket si påverknad av vassmiljøet og økologien i vassdraga våre.

Planting langs Dubberselva i Haugesund av elevar frå Skeisvang VGS. Ei svært effektiv planteøkt, der det blei planta meir enn 400 planter på litt over ein time.

Vatning av nyplanta tre langs Åmstølbekken i Vindafjord. Ved planting i varmt vër krevst det mykje vatn for at plantene ikkje skal tørke ut. Plantene langs bekken her vil vere ein effektiv barriere mot næringsavrenning frå fulldyrka mark i overkant av bekken.

Utplantinga i Naustvika i Tysvær var i samband med eit restaureringsprosjekt av Naustvikbekken. Haugaland vassområde, Sjøaureprosjektet Haugalandet, NJFF og Tysvær kommune var involvert i dette. Frivillige tiltak i landbruket blei engasjert i prosjektet for å organisere planting av kantvegetasjon og for å gjere kommunikasjonen mellom grunneigar og forvaltning meir effektiv og saumlaus.

Dessverre vart kostnadane relatert til drenering av tilhøyrande dyrka mark til bekken så store at prosjektet måtte setjast på pause inntil vidare. Karmøy kommune v/naturforvaltninga ønska heldigvis å kjøpe plantene som var tiltenkt Naustvika, og desse blei planta ut på fire forskjellige lokasjonar rundt om på Karmøy; Årvollsåna, Blikshavnbekken, Stangelandsåna og ein sidebekk til Stangelandsåna.

Erfaringar etter planting 2022

Ein bør så tidleg som mogleg finne ut kva type planter det er ynskjeleg å plante på det aktuelle området. Grunneigar må involverast, då det kan vere ynskjer og behov som må kartleggast for å kunne få oversikt over kva typer planter som er mest hensiktsmessige å plante ut.

Ved seinare høve bør prosjektleiar rådføre seg på eit tidleg tidspunkt med miljørådgivar eller naturforvaltar i den enkelte kommune om kva planter som er mest aktuelle å plante, og kva som ikkje er ynskjeleg. Ein bør etterstrebe planter som er naturlege å finne langs ein bekk i det gitte geografiske området, og fremmedarter i norsk natur bør unngåast.

Tidspunkt for planting kan vere frå april til november her på Haugalandet. Bruk av barrotsplanter må skje før lauvsprett om våren og gjerne etter lauvfall på hausten, men før frosten kjem. Potteplanter kan plantast frå april til november.

Det er noko billigare med barrots-planter enn med potteplanter, og det er lettare og meir effektivt å plante dette. Potteplanter må setjast i jorda med vanleg spade eller spett, og kan vere arbeidskrevjande, avhengig av jordsmonn. Barrots-plantene kan setjast raskt i jorda med plantespett. Det er ikkje alle planter ein kan nytte som barrots-planter, men dei vanlegaste som selje, or og bjørk kan vere barrotsplante.

Med tanke på økonomi, arbeidsmengde og økologisk nytteverdi er det mest fornuftig å fokusere på planter som selje, or, rogn og bjørk ved seinare planteprosjekt. Det er vekstvillige, toler mykje og trivest godt i fuktig miljø langs ein bekk. I tillegg er dei rimelige og enkle å setje ut som barrotsplanter. Dei sprer seg også lett og lagar på sikt ei tett vegetasjonsbelte.

Planting av kantvegetasjon langs Stangelandsåna i Kopervik, Karmøy kommune. Planting krev mykje logistikk, men er eit rimeleg og effektivt tiltak for å betre økologisk status langs vassdrag.

Regnskap kantvegetasjon 2022

	Antal meter	Antal planter	Kostnad
Åmstølbekken, Vindafjord	180	200	13 824
Skjoldastraumsbekken, Tysvær	330	178	22 572
Bekker på Karmøy	440	188	15 245
Dubberselva, Haugesund	400	475	29 012
Total Haugalandet	**1350**	**1041**	**80 653,-**

Langåkeråna

Karmøy kommune tok våren 2022 initiativ til eit tverrfagleg vassmiljøprosjekt for å intensivere innsatsen for å betre kvaliteten på eit vassdrag i kommunen. Saman med vann og avløp, miljøavdeling og landbruksavdeling var Frivillige tiltak i landbruket med på å velje ut eit vassdrag på bakgrunn av tilstanden til vassdraget og forbetringspotensialet. Langåkeråna var det vassdraget som blei peikt ut som kandidaten med størst potensial for forbetring, og med eit betydeleg forureiningsavtrykk på seg.

Arbeidet til FTIL i denne samanhengen har vore å delta i prosjektstyringa og å ta vassprøvar for å overvake vassdraget i eitt år. Dette blir gjort som eit forarbeid før ein startar opp forbetrande tiltak i vassdraget. Vassprøvane blir tekne kvar 14. dag på 4 forskjellige punkter, og skal takast frå september 2022 til september 2023. Prøvane kartlegg både dagens status i vassdraget, og vil vere ein peikepinn i framtida om det har blitt ein positiv utvikling i miljøtilstand.

Våren 2023 skal det utførast gardsbesøk for å kartleggje eventuell forureining frå landbruket i nedslagsfeltet til vassdraget.

Langåkeråna er ei variert elv, som strekk seg over 6 km gjennom fleire ulike landskap på sin veg frå heia på Sør-Karmøy til den ender opp i den biologisk særs viktige Taravikja på vestsida av Karmøy. Elva er laks - og sjøaureførande, og er viktig habitat også for fuglar. Det har dei siste tiåra vore betydeleg påverknad frå private avløp, forureining frå landbruk og endringar av sjølve elveløpet.

Normalverdier			Svært god	God	Moderat	Dårlig	Svært dårlig
Koliforme	/100ml		>4	5-49	50-199	200-999	>1000
E-coli	/100ml		>4	5-49	50-199	200-999	>1000
TOC	mg/l		<2,4	2,5-3,4	3,5-6,4	6,5-14	>15
Total-P	µ/L		1-10	11-16	17-29	30-59	>60
Total-N	µ/L		<299	300-399	400-599	600-1200	>1200
Turbiditet	FNU		<0,4	0,5-0,9	1-1,9	2-4,9	>5

Dato		Koliforme	E-coli	TOC	Total-P	Total-N	Turbiditet
		/100 ml	/100 ml	mg/l	µ/L	µ/L	FNU
12.sep		>2419	488	15	90	2300	2,8
26.sep		>2419	>2419	16	89	1800	3,06
10.okt				16	34	1300	15
24.okt		>2419	114	17	85	990	1,2
07.11.2022		>2419	51	19	75	970	1,3
21.nov		187	1	13	120	1300	2,6
05.des		>2419	866	13	68	1500	1,74
20.des		>2400	1520	12	59	1200	2,4

Tabellen syner prøvetakingsresultat frå det nedste prøvetakingspunktet i elva. Resultatene syner at vasskvaliteten ikkje er spesielt god, og at det er stort forbetringspotensial.

Synfaringar

I samarbeid med kommunane og vassområdekoordinator har det blitt utført ein del synfaringar. Desse har funne stad i vassdrag der ein planlegg å utføre arbeid for å betre vassmiljøet, eller der publikum har ringt inn om problemstillingar og ynskjer rundt vassdraga.

Tiltaka har potensial for å motta støtte frå til dømes SMIL-ordningane til kommunane. Tiltaka kan mellom anna innebefatte erosjonssikring, fiskeforbetrande tiltak, planting av kantvegetasjon, etablering av fangdam/reinsepark. Synfaringane har ikkje ført til tiltak i år, men har blitt rapportert og blir med i planlegging av tiltak i 2023.

Synfaring ved erosjonsutsatt elv i Tysvær kommune.

SMIL/RMP-samling

SMIL/RMP-samling for Haugalandet og Ryfylke blei arrangert i mai. Her var det informasjon og nyhende om temaet, og det blei tatt opp aktuelle problemstillingar. Arrangør var Tysvær/Haugesund kommune, og møtet blei heldt på Kringsjå på «toppen» av Haugesund.

Bondelagsmøte

Frivillige tiltak i landbruket har invitert seg sjølv på fleire bondelagsmøter på Haugalandet. I Skjold og Tysvær har det vore fokus på miljøavtalane rundt Skjoldafjorden, i tillegg til generell informasjon om prosjektet og det at ny prosjektleiar er i sving.

Vats-veka

På arrangementet Vats-veka i Vindafjord blei det arrangert elvevandring langs Blikraåna i Vats. Blikraåna er førande for anadrom fisk og ligg i eit svært produktivt jordbrukslandskap. I elva er det også eit kraftverk, i tillegg til at det er anlagt to reinseparkar for å ta opp næringsstoff frå dyrka mark i overkant av elva. Frivillige tiltak i landbruket stilte med informasjon om økologien elva og påvirkninga landbruket har.

Fiske – og vassdragsseminar

Frivillige tiltak i landbruket deltok i april på Fiske og vassdragseminar i regi av Rogaland Fylkeskommune. Her var det innlegg frå forskjellige aktørar i forvaltninga, og det var rom for nettverksbygging. Det var eit stort utbytte erfarings - og kunnskapsmessig for prosjektleiar.

Prosjektet har også vore synlege på Facebook gjennom Sjøaure-prosjektet sine Facebook-sider der det har blitt skreve om kantvegetasjonsprosjekta som har blitt gjennomført i 2022. og ein har blitt intervjua av Tysvær bygdeblad om prosjektet.

FTIL Jæren har fått besøk av FTIL Haugalandet to gonger i haust og vinter. Det første besøket var for å få eit innblikk i kvardagen for FTIL Jæren og for å sjå ferdigstilte og ferdige prosjekt der nede. Det andre besøket var i samarbeid med Vassområdekoordinatorane, og var ei kombinert fagsamling og sosial tilstelling.

Det har blitt arrangert 4 møter i styringsgruppa til FTIL Haugalandet i 2022. Det var 1 ekstra møte grunna oppstart av ny prosjektleiar i februar.

Vegen vidare 2023

Dei fleste bidragsytarane til prosjektet har sagt seg villige til å støtte prosjektet også i 2023. Tysvær kommune har ikkje satt av pengar i sine budsjett til prosjektet i 2023. Det vil likevel vere nok pengar til å drive prosjektet ut 2023 i 100% stilling.

Arbeidet med finansiering planlegging av prosjektet vidare har tatt ein del av arbeidstida.

På nyåret 2023 vil prosjektet arbeide systematisk med kartlegging av vassmiljøpåverknaden på gardsbruk i nedbørsfelta til utsette vassdrag i Vindafjord og Tysvær kommune, og utføre arbeid for å forbetre eventuelle avvik ein finn.

Langåker-prosjektet fortsett inn i 2023, og ein sonderer moglegheitene for liknande prosjekt i både Tysvær og Vindafjord.

Bokn kommune skal også få merksemd i 2023, og prosjektet skal få ein oversikt over eventuelle forbetringspotensial i vassdraga der.

Skomakarnibba i Vikedal, med Vikedalsvassdraget i bakgrunnen. Frivillige tiltak i landbruket skal innom alle gardsbruk i bygda for å framsnakke og kartleggje bruk av og interesse for miljøvenlege landbrukstilskot frå RMP. Samtidig vil ein kartleggje om det er ytterlegare interesse hjå grunneigarane for miljø- og fiskeforbetrande tiltak som kan utførast av landbruket i bygda.